



# Innst. S. nr. 206

(2002-2003)

## Innstilling til Stortinget frå kontroll- og konstitusjonskomiteen

Dokument nr. 12:11 (1999-2000)

### **Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om forslag frå Carl I. Hagen om endring av Grunn- lova § 71 (Opphør av partimedlemskap)**

Til Stortinget

#### **SAMANDRAG**

Ovennevnte grunnlovsforslag, som er fremmet av Carl I. Hagen, innebærer at en stortingsrepresentant trer ut av Stortinget når partimedlemskapet eller medlemskapet i partiets stortingsgruppe opphører.

Forslagsstilleren viser til at det i moderne tid er flere tilfeller av partioverganger og utganger av partimedlemmer fra folkevalgte grupper i kommunestyre, fylkesting og Stortinget. Dette kan ifølge forslagsstilleren skape betydelige styringsproblemer og frustrasjon fra velgere som hevder at de har stemt på et parti og ikke de enkelte folkevalgte som av en eller annen grunn ikke lenger er medlem av den partigruppe de ble innvalgt for.

De senere år er valgsystemet med valglister utgått fra rikspolitiske partier med et felles program og selvstendige vedtekter det vanlige. Dette er understreket ved at det i Grunnloven er innført utjevningsmandater som tildeles et parti basert på den landsomfattende oppslutning om partiet. Forslagsstilleren viser til at når velgere stemmer på et parti eller en partiliste ved et valg regner velgerne med at de personer som blir innvalgt er forpliktet til å følge partiets program, samt rette seg etter partiets egne vedtekter for beslutningsprosessen innad i den valgte partigruppe. Forslagsstilleren viser videre til at det kan hevdes at det velgerne stemmer på når de benytter et partis valgliste til Stortinget i realiteten er en treenighet, partiets program, beslutningssystemet for parti og stortingsgruppe og de personer som står på de første listeplasser. Det er imidlertid partiene som utpeker hvem som skal stå på hvilken plass og velgeren baserer seg på at kandidatene er bundet av partipro-

gram og partivedtekter med mindre de på forhånd har reservert seg på enkelte punkter.

Partigruppenes vedtektsfestede beslutningssystem blir ansett for å være velgerens garanti for at alle de innvalgte i en partigruppe vil følge partiets politikk fastlagt av partiprogrammet og partiets styrende organer som landsmøte, landsstyre og stortingsgruppe. Når det er partiene som velger personer til å representere partiet og velgerne stemmer på partilister, blir det partiene som blir tyngdepunktet.

Hvis en person er innvalgt på en partiliste, bør velgerne etter forslagsstillerens mening ha trygghet for at vedkommende følger partiets politikk og respekterer det vedtektsfestede beslutningssystem, men slik er det ifølge forslagsstilleren ikke i Norge i dag. Det vises til at når partisystemet tross alt er innført, burde det være slik at en folkevalgt person innvalgt på en partiliste og forpliktet av et partimessig beslutningssystem, trer ut av sitt folkevalgte verv hvis partigruppemedlemskapet opphører.

Når det i nyere tid er eksempler på at personer innvalgt for et parti melder seg ut av gruppen og over i andre partier, viser det ifølge forslagsstilleren, systemets svakhet. De velgere som har stemt på et parti opplever at i praksis blir stemmen i realiteten gitt til et konkurrerende parti uten at velgeren kan gjøre noe med det.

Forslagsstilleren viser til at dette forslaget tar sikte på å skape et logisk og sammenhengende system ved at alle folkevalgte som er innvalgt på en partipolitisk liste, mister sitt folkevalgte verv hvis medlemskapet i partiet opphører. Hvis vedkommende melder seg ut av partiet eller blir ekskludert fordi vedkommende nekter å følge det demokratiske beslutningssystem for partiet og partigruppen, mister vedkommende sitt folkevalgte verv. Da vil velgerne være garantert at hvis et politisk parti får innvalgt en person som følge av velgerens oppslutning om partilisten, så vil vedkommende parti beholde dette folkevalgte verv for hele valgperioden og man

risikerer ikke at vervet går til en politisk konkurrent av det parti velgerne ga sin stemme.

I dokumentet fremmes følgende forslag:

"Grunnloven § 71 skal lyde:

Stortingets Medlemmer fungere som saadanne i fire paa hinanden følgende Aar, dog slik at Medlem indvalgt paa en Liste udgaet af et politisk Parti trer ud af Stortinget naar Medlemskabet i dette Parti eller dette Partis Storthingsgruppe bringes til ophør."

## MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Berit Brørby, Kjell Engebretsen og Jørgen Kosmo, frå Høgre, André Dahl og Martin Engeset, frå Framstegspartiet, Carl I. Hagen og Henrik Rød, frå Sosialistisk Venstreparti, Siri Hall Arnøy og Ågot Valle, og frå Kristeleg Folkeparti, Modulf Aukan, viser til forslag frå Carl I. Hagen om endring av Grunnlova § 71 (opphør av partimedlemskap) og til Hagen si grunngeving for forslaget.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti, viser til at ut frå Grunnlova er den einskilde stortingsrepresentanten vald inn personleg og ikkje som medlem av eit parti. Ein stortingsrepresentant er reint juridisk uavhengig av veljarane sine, partiet sitt og distriktet sitt, og har ikkje moglegheit til å trekkje seg frå vervet.

Fleirtalet har merka seg at grunngevinga for forslaget er at veljarane, i følgje forslagsstillaren, stemmer på eit parti og ut frå eit partiprogram, og ikkje på ein-skildpersonar. Fleirtalet meiner likevel at ved stortingsval, som ved andre val, kan personlege eigenskapar ved ein kandidat vere avgjerande for veljarane sine avgjerder om partival. I løpet av ein stortingsperiode skal representantane ta stilling til ei rad saker som ikkje er uttømmende behandla i partiprogramma, og der den personlege dømmekrafta til den einskilde representanten vil vere viktig. Etter fleirtalet si oppfatning er det viktig å oppretthalde prinsippet om at den einskilde representanten er personleg ansvarleg, ovafor veljarane, for standpunkta sine og stemmegjevinga si.

Fleirtalet vil streke under at partia ikkje har nokon forfatningsrettsleg kompetanse. Eit parti er ikkje underlagt parlamentarisk og konstitusjonelt ansvar. Fleirtalet viser til at forslaget inneber ei forskyving av innverknaden på samansettinga av Stortinget, frå veljarane til partiorganana, for eksempel ved at eit parti ekskluderer ein stortingsrepresentant. Slik fleirtalet ser det er det ikkje gitt at veljarane ønskjer at ein person skal slutte som stortingsrepresentant sjølv om vedkommande blir ekskludert, eventuelt også om vedkommande sjølv melder seg ut. I perioden mellom to val vil spørsmålet om kva veljarane ønskjer berre vere hypotesar.

Fleirtalet viser til at det i grunngevinga for forslaget blir hevda at "velgeren vet at det er flertallet i demokratiske partier som bestemmer og at mindretallet i omstridte saker kan bindes til å stemme sammen med flertallet hvis det er to tredjedels flertall for en slik binding". Fleirtalet stiller seg undrande til denne utsegna, mellom anna fordi dei ulike partia på Stortinget har ulike tradisjonar, reglar og praksis når det gjeld i kva for situasjonar gruppene blir pålagde å stemme samla. Fleirtalet vil vidare understreke at ordning med binding av partigrupper ikkje har nokon rettsleg status, verken i Grunnlova eller i anna lovverk.

Fleirtalet viser også til at forslaget opnar for at ein representant kan få moglegheit til å trekke seg frå stortingsvervet i løpet av perioden ved å melde seg ut av partiet. Dette ville vere eit brot med prinsippet om dei valde representantane sin plikt til å ta imot og utøve vervet.

Fleirtalet meiner det ikkje er ønskjeleg å endre det systemet vi har i dag og går inn for at forslaget ikkje vert vedteke.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til begrunnelsen i forslaget og vil anbefale at forslaget bifalles.

## FORSLAG FRÅ MINDRETAL

### Forslag frå Framstegspartiet:

Dokument nr. 12:11 (1999-2000) - forslag frå Carl I. Hagen om endring av Grunnloven § 71 (Opphør av partimedlemskap) - bifalles.

## TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til dokumentet og det som står føre, og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Dokument nr. 12:11 (1999-2000) - forslag frå Carl I. Hagen om endring av Grunnlova § 71 (Opphør av partimedlemskap) - vert ikkje vedteke.

Oslo, i kontroll- og konstitusjonskomiteen, den 13. mai 2003

Ågot Valle  
leiar

Modulf Aukan  
ordførar